

## **Rutinar for arbeidet med å skaffe arbeidstilbod til ungdom som er under oppfølging av OT.**

Felles for alle vi møter i OT

Vi jobbar individuelt med kvar enkelt ungdom, ungdommane har ulike målsettingar. Felles at vi kartlegger: Regularitet, alder, motivasjon, sosialkompetanse, tidlegare erfaring, skulebakgrunn, nettverk, samarbeidspartar, ressursar og utfordringar. Bli kjent med ungdommen. Under kjem døme på nokre ungdomsgrupper vi jobbar med.

### Ungdomsgruppe 1

Ungdom som er usikker på kva fag han skal velje. Kartlegging..... Mål med praksis\ utplassering få arbeidserfaring, bli tryggare i høve yrkesval.

Skaffe praksisplass, samarbeid med NAV for ungdom over 18 år. I kombinasjon med tilbod i ot-tiltaket (vi ynskjer å bli kjent med ungdommen). Tett oppfølging i praksis, for å sikre at ungdommen får tilbakemelding. Etablere relasjon ungdom \ bedrift.

Kva opplæringsstilbod er ungdommen motivert for, Skule eller arbeid

### Ungdomsgruppe 2

Ungdom som veit kva dei vil, men ikkje kjem inn på rett linje.

Jobbe med å formulere planer; plan A og plan B ev. plan C. Teste ut ulike praksisplassar.

Alternative opplæringsløp. Samarbeid med PPT.

### Ungdomsgruppe 3

Ungdom som har fullført vgs, men ikkje fått læreplass:

Kartlegge om det er rett fag (opplever fleire som har valt feil), tidlegare praksis, ressursar, utfordringar, avgjerarskule, er ungdommen flyttbar, nettverk. Samarbeid med aktuelle opplæringskontor og NAV. Starte med praksis i bedrift med mål om læreplass.

### Ungdomsgruppe 4

Lærekandidat som ikkje er formidla: Kartlegging.....Bedriftsbesøk. Bygge på tidlegare erfaringar i frå skule og arbeid. Utprøving i bedrift, etablere relasjon ungdom \ bedrift.

Opplæringskontor gode samarbeidsparter, i tillegg til OT sin bedriftskunnskap.